

Høyringsuttale (KF-340)



Referansenummer: AT82R3

Registrert dato: 20.02.2020 01:25:22

Talet på vedlegg: 1

Innleiing

Uttalen blir gjeven

- Personleg
 På vegner av føretak/lag/foreining

Opplysningar om innsendaren

Førenamn

Cathrine

Etternamn

Lie

Adresse

Flatøyvegen 54

Postnummer

5918

Poststad

FREKHAUG

Telefon

E-post

cathlie@hotmail.no

Høyringsuttale

Høyringsuttale

Velj høyringsuttale:

- Detaljregulering Manger aust
 Områderegulering Midtmarka-Rotemyra

Uttale

Uttale ligg ved i eiga fil

Vedlagt dokumentliste

høyringsuttalesle midtmarka og rotemyrane.pdf

Cathrine Lie
Flatøyvegen 54
5918 FREKHAUG

Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

19.02.2020

Høyringsinnspel – områdeplan for Midtmarka og Rotemyrane

Utbygging av Midtmaka og Rotemyra og etablering av ny lokalveg vil i fleire ti-år få store konsekvensar for dei som allereie bur og arbeidar på Flatøy. I fyrste omgang vil det vere år med anleggsarbeid for etablering av ny lokalveg, for så anleggstrafikk ved oppstart utbygging i planområdet.

Etter å ha lese i planane og i konsekvensutgreiingar er det altfor lite omtalt konsekvensar i anleggsfase og korleis tida med utprega tungtrafikk vil påverke tilkomst for dei som allereie bur på Flatøy og korleis mjuke trafikantar vert tatt omsyn til i dei ulike byggetrinna. Det er fleire manglar og uavklarte punkt i vurdering av lokalvegen.

1. Planområdet mot sør (ved eksisterande bussterminal og Framo) ender opp i fleire andre planar og det manglar samspel mellom planane.
2. Kva konsekvens får auke trafikk for rundkøyringa på Flatøy?
3. Kva konsekvens får omlegging av køyremønster frå dei allereie eksisterande bustadene på Flatøy?
4. Ved stenging av kulvert under E39, for køyretøy, korleis skal ein vere sikker på at Hjelten bru kan handtere auke i trafikken? Ser at Hjelten bru og andre sida av brua(skv2) ikkje er ein del av denne områdeplanen.
5. Korleis vert dei mjuketrafikantane ivaretatt i grensesnitta mellom dei ulike planane?
6. Er lokalvegen ein detaljplan i områdeplanen? Og om det er det, vil det då ved ei godkjenning av områdeplanen kunne bli oppstart på lokalvegen utan ein meir utfyllande detaljplan?
7. Det ligg i planane fleire kryssingar av vegen, dette er uheldig i ei så trafikkert sone som det vert lagt opp til i og rundt området ved rundkøyringa på Flatøy. Dette meiner eg ikkje er konsekvensutgreidd godt nok i denne områdeplanen.

Dersom ein skal vente 30 år på byggetrinn 3, kan behov og krav til køyremønster og vegane vere endra (ift. at det er ingen planar som er endelege for Nordhordlandsbrua og Hagelsundbrua). Byggetrinn 3 vert kanskje aldri realisert. Det er fleire store utbygging av bustad i Alver kommune og i Nordhordland og etter prognosane for folkevekst i kommunen er langt lågare enn det talet på bustader som vert tilgjengeleg.

Med fleire uavklarte punkt, stor uvisse og veldig lang tidshorisont, bør det komme krav om inn- og utkøyring til området Midtmaka og Rotemyrane i nord (ved Hagelsundbrua (blandeverket), allereie frå byggetrinn 1. Dette vil ivareta tryggleiken til mjuketrafikantar og sikre at eit planlaust kryss/rundkøyring kjem på plass.

Med vennleg helsing

Cathrine Lie